Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverom

Emne: Skav

Bygdelag: Bjørsetgrenda

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard: Bekken

(adresse): Jømna st.

G.nr. 3 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Emilie Tørrisen, 74 år, fòdrådakone, Björset, Jömna st.
Olaf Karlstad, 81 år — " — mann — " — — " — "

SVAR

Det er ikkje mye ein finn om bruk av skav til kröttersfor.

„Så snart tömmerhogsten tok til om hausten sende ho mor oss til skogs, utstyrt med knivar og köjer. Så skava vi tå dei smale bast-~~remsorane~~ remsane som satt at på furu-tömmret etter berkinga. Det var grepa godt for åt småfen, det," sa ho Emilie Törrisen.

Han Olaf Karlstad, 81 år 1948, fortalde at for gamalt rekna dei ospebörk som noko av det beste til å gjeva kuene glatt og blankt hårlag. Men av den grunn måtte dei ikkje bruke ospeborken åt sauen.

1856

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING